



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Kåre Træen
Telefon: 57643004
E-post: fmsfkr@fylkesmannen.no

Vår dato
22.03.2016
Dykkar dato
12.01.2016

Vår referanse
2016/164 - 331.1
Dykkar referanse

Vik kommune
Postboks 134
6891 Vik i Sogn

Vik kommune – kontroll av budsjett 2016 og økonomiplan 2016 – 2019

Vik kommunestyre har i møtet 17.12.2015 handsama og vedteke budsjett for 2016 og økonomiplan 2016 – 2019.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Fylkesmannen skal difor føre kontroll og godkjenne budsjett og låneopptak.

Budsjett 2016 er godkjent.

Låneopptak på kr 59 156 000 for 2016 er godkjent.

Sakshandsaming

Fylkesmannen har ikkje merknader til kommunen si sakshandsaming. Vi legg til grunn at formannskapet si innstilling for budsjett og økonomiplan, med alle framlegg til vedtak, har lege ute til offentleg gjennomsyn i minimum 14 dagar, jf. kommunelova § 44 nr. 7 og § 45 nr. 3.

Skatteinntekter/rammetilskot – frie inntekter

Kommunen har i budsjettering av inntekt på skatt og formue og rammetilskot lagt til grunn prognosar etter statsbudsjettet for 2016, med folketal per 01.07.2015 for rammetilskot og 01.01.2015 for skatt og inntektsutjamninga. Sum skatt og ramme er budsjettert med 166,6 mill. kroner.

Siste prognosemodell til Kommunenes sentralforbund (KS) tek utgangspunkt i vedteke statsbudsjett for 2016, med innbyggjartal per 01.07.2015 for utgiftsutjamninga og 01.01.2016 for skatt og inntektsutjamninga. Ut frå dette er prognosen at Vik kommune i 2016 får 166,6 mill. kroner i skatt og rammetilskot, tilsvarande det som er budsjettert.

Folketalet i kommunen auka i 2015 med 11 personar, 0,4 %. Landet auka med 0,9 %. Det er dette som er lagt til grunn for folketal i KS sin prognosemodell for skatteinntekter og inntektsutjamning.

Fylkesmannen sin kommentar

Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettert etter statsbudsjettet for 2016. For perioden 2017 – 2019 samsvarar også kommunens budsjettering med prognosemodellen.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Driftsresultat og balanse

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir brukt som et mål på økonomisk handlefridom til kommunane. Det er tilrådd at dette over tid bør ligge på rundt 1,75 prosent. Kommunestyret har vedteke budsjettet for 2016 med eit netto driftsresultat på – 6,5 mill. kroner, som er – 2,4 % av driftsinntektene. Samanlikna med 2015 er ramma for drift nominelt auka med 15,5 mill. kroner, eller 8,1 %. I tillegg er skattesatsen for eigedomsskatt på bustad og fritidseigedomar redusert frå 7 til 6 o/oo i 2016. Det siste betyr 1,2 mill. kroner i reduserte inntekter. Budsjettet er etter dette balansert med bruk av frie fond på 7 mill. kroner.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunelova § 46, nr. 6 krev at budsjettet skal vere i balanse etter finanstransaksjonar og avsetningar. Etter § 46 nr. 3 skal budsjettet vere realistisk. Kommunen har oppfylt desse krava, men for 2016 blir det ikkje store nok løpande inntekter til å dekkje utgiftene etter vedteken aktivitet. Det betyr at kommunen frå 2017 må gjennomføre tiltak for å redusere utgiftene eller auke inntektene.

Tidlegare års underskot

Vik kommune hadde eit akkumulert underskot pr. 31.12.2014 på 36 mill. kroner. Planen var at dette skulle dekkast innan 2017. Etter Terra-saka hadde kommunen ei gjeld til DNB på 152,5 mill. kroner. I juni 2015 vart det inngått eit forlik med DNB, og etter dette vart gjelda redusert til 95,8 mill. kroner. Med likviditet frå årleg inndekning av underskotet frå 2008, innløyste kommunen restgjelda til DNB. Underskotet etter Terra-saka er såleis dekt inn, og i tillegg kunne kommunen i 2015-rekneskapen setje av 19,7 mill. kroner til frie fond.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunen har ikkje lenger underskot og kan etter godkjenning av rekneskapen for 2015 meldast ut av Robek-registeret.

Investeringsbudsjettet for 2016

Kommunen legg opp til eit investeringsbudsjett i 2016 på 115,6 mill. kroner, fordelt på anleggsmidlar 112,9 mill., utlån 2 mill. og kjøp av aksjar og andelar (KLP-eigenkapitalinnskot) 0,7 mill. kroner. Investeringane er planlagde finansiert med nye lån 59,2 mill., ubrukte lånemidlar 17,9 mill., statlege overføringar 18,7 mill., momskompensasjon 19,1 mill. og midlar frå drifta 0,7 mill. kroner. Av nye lån utgjer vatn og avløp (VAR – sjølvfinansierande) 11 mill. kroner, lån med rentekompensasjon 6,4 mill. og lån til vidare utlån 2 mill. kroner.

Som Robek-kommune er det etter kommunelova § 50 nr. 9 krav om at kommunale låneopptak skal godkjennast av departementet i dei høve som gjeld § 60 i kommunelova. Departementet har delegert dette myndet til Fylkesmannen.

Fylkesmannen sitt generelle syn på lånegodkjenning til Robek-kommunar er:

- Budsjett og økonomiplan må vere i balanse og nye lån må vere innarbeidde i budsjett og økonomiplan
- Å berre ta opp lån som er sjølvfinansierande
- Å rå frå opptak av lån som aukar driftsutgiftene

Kommunen må sikre at alle prosjekt som skal førast i investeringsrekneskapen etter forskrift vert rekna som påkosting.

Etter førebelse Kostra-tal for 2015 har kommunen ei langsiktig gjeld på 192 mill. kroner. Målt mot driftsinntektene ligg kommunen under gjennomsnittet til den samanliknande

kommunegruppa i Kostra. Blir det teke omsyn til at delar av gjelda er sjølvfinansierande, har kommunen berekna at om lag 50 % er gjeld der renter og avdrag skal dekkast av frie inntekter.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunen har i dei seinare åra hatt låge investeringar, og derav mindre låneopptak som belastar drifta med renter og avdrag. Men budsjettet låneopptak i 2016 og planane vidare i økonomiplanen, fører til at langsiktig gjeld aukar vesentleg meir enn driftsinntektene.

Økonomiplan 2016 – 2019

Ettersom kommunen har budsjettet med bruk av frie fond for å balansere 2016-budsjettet, har kommunen lagt inn tiltak i drifta frå 2017 for at økonomiplanen skal vere i balanse. Skattesatsen for eigedomsskatt på bustader og fritidshus er tilbake på 7 o/oo. Men likevel er det budsjettet med låge netto driftsresultat, 2017; 0,2 %, 2018; 1,2 % og 2019; 1,5 %. For 2018 og 2019 er det samla budsjettet med 6 mill. kroner i avsetjing til frie fond.

Investeringar i perioden 2016 – 2019 er samla budsjettet med 257,5 mill. kroner. Til finansiering er det budsjettet med nye låneopptak på 165 mill. kroner. Av dette utgjør sjølvfinansierande lån 33 mill. kroner. I same periode er det budsjettet med 37 mill. kroner i avdrag. Det betyr ein auke i renteberande lån på 100 mill. kroner.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunelova § 44, nr. 4 krev at økonomiplanen for kvart enkelt år skal vise dekning for dei utgifter og oppgåver som er førte opp, jf. § 46 nr. 6. Økonomiplanen til Vik kommune oppfyller desse vilkåra. Men det er lagt opp til ein sterk auke i lånegjelda frå 2016. I 2015 utgjorde langsiktig gjeld 70 % av brutto driftsinntekter. Etter 2019 vil langsiktig gjeld utgjere heile 120 %. Dette er ein stor auke, og fører til at ein større del av inntektene må nyttast til å dekkje renter og avdrag. Dersom kommunen ikkje følgjer opp med tiltak som aukar inntektene, blir det mindre til rådvelde for tenester til innbyggjarane. Dette blir ytterlegare forsterka dersom vi får ein auke i renta.

Vedtak:

Fylkesmannen skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Vik kommune, jf. kommunelova § 60 nr. 2. Vi har utført kontrollen, og Vik kommune sitt budsjettvedtak for 2016 er godkjent.

Etter § 50 nr. 9 i kommunelova, jf. departementet si fullmakt av 27.02.2001, skal Fylkesmannen godkjenne låneopptak for kommunar som er innmeldt i Robek-registeret. I samsvar med investeringsbudsjettet er låneopptak godkjent for kr 59 156 000.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Kopi pr. e-post: post@sf-revisjon.no